

Hoffmann Thinn Advokatfirma As
Strandgaten 10
5013 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/492 - 22/76349

Saksbehandlar:
Sverre Solberg
sverre.solberg@alver.kommune.no

Dato:
05.10.2022

Svar vedkomande nausttomt til gbnr 227/44 i Molvik - 5993 Ostereidet

Saksresym'e.

30. januar 2001 mottok Lindås kommune frådelingsøknad frå Karl Fjærvold om utskiljing av 2 stk. tomter frå gbnr 227/5 i Molvik. Den eine med påståande våningshus. Den andre med påståande naust.

24. april 2001 vart det fata vedtak i kommunen. Der vart søknaden om delingsløyve etter plan- og bygningslova § 93 godkjent i samsvar med søknaden. (28. 03. 2001 vart vedtaket etter jordlova godkjent.)

29. 05. 2001 vart det føreteke kart- og delingsforretning av desse 2 parcellane.

Attendeblikk.

09. 05. 1908 vart gbnr 227/6 skild ut frå gbnr 227/2.

05. 11. 1959 vart gbnr 227/6 samanføydd med gbnr 227/5.

I denne skylddelinga står det bl.a.: «*Heri er ogsaa indbefattet ret til en nøsttomt 10 x 8 m ved det saakalate Nøstends med ret over stranden ret ud for nøsttomten i dennes bredde*».

I tillegg til desse (10 x 8)m = 80 m² – kan det jo i tillegg koma ytterlege m² av arealet mellom naustet og stranda ?

I «skjøte» datert Molvik, den 15. september 1917 – tgl. 08. 10. 1917 – over gbnr 227/5 står det mellom anna: «*Samt et baatnøst*».

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Eg tykkjer påstanden de framset på side 2 i dykkar brev om ein naustetomt på (7x5)m² = 35 m² er litt enkel ? Her står det jo i tillegg: »*Begge Langlinjer ferstrækkes til Søen*». Det må jo tyda på at arealet mellom naustet og sjøen kjem i tillegg til dei 35 m² de framset i brevet dykkar ?

Dette årtusend.

For å illustrera at areal mot sjø kan variera i ein del tilfeller, drista meg til å leggja ved eit grunnkart i målestokk 1:100 over den aktuelle nausttomta.

Her har eg digitalisert strandlinja slik den føreligg i kartet i dag.
Landarealet på tomta vert etter dette 75,2 m².

På kart- og delingsforretninga i 2001 var det semje om å setja ned 4 stk. godkjente grensemerker der dei står i dag. Sjå protokollen frå 29. 05. 2001.

Så vidt eg hugsar etter 21 år, skulle det vera så mykje plass kring naustet at maling og anna vedlikehaldsarbeider for det meste kunne føregå på eigen grunn.

Nausttomta har gått ut i frå gbnr 227/5.

Alver kommune anser saka som tilstrekkeleg opplyst og at dykkar forespørsel er besvart.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Sverre Solberg
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gunnveig Anne Fonnes	Austesundvegen	5938	Sæbøvågen
	21		
Harris Advokatfirma As	Postboks 4115	5835	Bergen
	Sandviken		
Rein Liik	Molvikavegen	5993	Ostereidet
	504		

Mottakarar:

Hoffmann Thinn Advokatfirma As	Strandgaten 10	5013	Bergen
--------------------------------	----------------	------	--------